



Løehella vert teken ned med kranbil.

**Vi har før skrive om den sterke vinden i haust som gjorde skade på nokre av husa på Bygdetunet Rød. No har ein fått hand om den beste delen av løetaket på bruket til Hallvard Rød. Runar Myklebust er ny eigar og på laurdag vart takhella teken ned med kranbil, merka og transportert til tunet på Indre Rød.**



#### [Ein sikker og god transport til Bygdetunet Rød](#)

Med dette har Bygdetunet Rød sikra seg nok helle til omlegging på hestestallen, men og til førefallande reperasjonar på stovehuset, Bøkkerverkstaden og på Haugland skulemuseum. Godtfred Bakke er fagmann og vil stå for det praktiske arbeidet vidare. Med meir ekstremver i åra framover må ein rekna med skade på hus og tak, særleg fordi både husa på Rød og Skulemuseet er omkransa av store tuntre.

Tekst/ foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døsland